

PLANSKILDING

DETALJREGULERING MASSEUTTAK VEVLETVEIT – HAUGE OSTERØY KOMMUNE

OPPDRAAGSGIVER

Fotlandsvåg Maskinentreprenør AS


EMNE

Detaljregulering - Planskildring

PlanID: 1253 2016 001

DATO / REVISJON: 22. januar 2019

DOKUMENTKODE: 616518-PLAN-RAP-001



Multiconsult

RAPPORT

OPPDRAAG	Masseuttak Vevletveit	DOKUMENTKODE	616518-PLAN-RAP-001
EMNE	Detaljregulering - Planskildring	TILGJENGE	Open
OPPDRAAGSGJEVAR	Fotlandsvåg Maskinentreprenør AS	OPPDRAAGSLEIAR	Kjetil Tepstad
KONTAKTPERSON	Roger Hartveit	UTARBEIDA AV	Lise Marie Laskemoen og Vegard Eriksen
		ANSVARLIG EINING	2237 Bergen SI Areal og Utredning
GNR./BNR.	6/1 Osterøy kommune		

SAMANDRAG

På vegne av tiltakshavar Fotlandsvåg Maskinentreprenør AS har Multiconsult Norge AS utarbeidd eit planforslag for masseuttak på delar av gbnr 6/1 på Vevletveit i Osterøy kommune.

Planområdet er om lag 32 dekar og er avsett til råstoffutvinning i arealdelen til kommuneplanen.

Innanfor planområdet er det i dag eit eksisterande masseuttak for grus og pukk som er underlagt krav om reguleringsplan. Formålet med reguleringsplanen er å hente ut resterande mineralressursar i dagens uttak og sette føringar for korleis masseuttaket skal tilbakeførast til jordbruksareal etter avslutta driftstid. Planen omfattar også utbetring av avkøyrsløp mot fv. 362.

Planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing og planprogram, jf. Forskrift om konsekvensutgreiing §6 og § 8 bokstav a.

Planforslaget inneheld følgjande:

- Planskildring datert 22.01.2019
- Plankart målestokk 1:500 datert 22.01.2019
- Føresegner datert 22.01.2019
- ROS-analyse datert 20.06.2018
- VA-rammeplan datert 20.06.2018
- Terrensnitt datert 13.06.2018
- Landskapskart datert 13.06.2018
- Støyvurdering datert 07.11.2016

03	22 .01.2019	Planskildring revisjon 3, etter offentlig ettersyn	VB	LiML	KT
02	20 .06.2018	Planskildring revisjon 2	VB	LiML	KT
01	30.04.2018	Planskildring, revisjon 1	LiML,/VE	VB	KT
00	17.02.2017	Planskildring	LiML	BEN/VB	KT
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

INNHALD

1	Nøkkelopplysningar	5
2	Bakgrunn	5
2.1	Bakgrunn for planarbeid og formål med planen	5
3	Planprosessen	6
3.1	Oppstartsmøte.....	6
3.2	Kunngjering oppstart	6
3.4	Planstatus og overordna føringar	8
3.4.1	Statlege planretningslinjer/rikspolitiske retningslinjer	8
3.4.2	Andre føringar.....	8
3.4.3	Regionale planar	9
3.4.4	Kommunale planar.....	10
3.4.5	Reguleringsplanar	11
4	Konsesjon etter minerallova	13
5	Vurdering av behov for konsekvensutgreiing	13
6	Dagens situasjon	14
6.1	Lokalisering og planavgrensing	14
6.2	Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk	15
6.3	Topografi og landskap.....	17
6.4	Barn og unge sine interesser.....	17
6.5	Jordvern og landbruk	18
6.6	Naturmangfald.....	19
6.6.1	Vassførekomst i området.....	19
6.6.2	Naturtypar	20
6.7	Friluftsliv	21
6.8	Kulturlandskap og kulturminne.....	21
6.9	Geologiske grunntilhøve	22
6.10	Miljøtilhøve.....	23
6.11	Veg og trafikk	24
6.12	Anna infrastruktur	24
6.13	Kollektivtrafikk	24
6.14	Privat og offentlig servicetilbod	25
6.15	Risiko og sårbarheit	25
7.	Skildring av planforslaget	26
7.1	Hovudtrekk i planen.....	26
7.2	Planlagd arealbruk og omsynssoner	26
7.3	Reguleringsformål.....	27
7.3.1	Råstoffutvinning (BRU).....	27
7.3.2	Tilbakeføring av landskap etter avslutta drift	28
7.3.3	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	32
7.3.4	Grønstruktur (GV)	32
7.4	Vatn- og avløpsanlegg.....	32
7.5	Omsynssoner	33
8	Verknader av planforslaget	34
8.1	Overordna planar og retningslinjer.....	34
8.2	Alternativt uttaksområde	34
8.3	Landbruk.....	34
8.4	Landskap og estetikk.....	34
8.5	Kulturminne og kulturmiljø.....	35
8.6	Naturverdiar/naturmangfald	35
8.7	Vassdrag.....	37
8.8	Ureining og støy	37
8.9	Friluftsliv og barn og unges interesser	38
8.10	Naturressursar, inkl. landbruk	38
8.11	Folkehelse	38
8.12	Naboar	38
8.13	Sosial og teknisk infrastruktur.....	39
8.14	Næring	39
9	Risiko og sårbarheit, ROS-analyse	40

10	Merknader.....	41
	10.1 Inkomne merknader	41
11	Avsluttande kommentar	45
12	Kjelder	46
13	Vedlegg til planskildring.....	47

1 Nøkkelopplysningar

Kommune	Osterøy kommune
Stadnamn	Vevletveit
GNR/BNR	Delar av 6/1
Gjeldande planstatus	Råstoffutvinning
Forslagstillar	Fotlandsvåg Maskinentreprenør AS
Grunneigarar og rettshavar	Monica Matter er grunneigar Roger Hartveit har rett til å nytte området til steinuttak
Plankonsulent	Multiconsult Norge AS
Hovudformål	Vidare drift av masseuttak og tilbakeføring til landbruk eller deponi
Planområdets areal i dekar	31,8 dekar
Ant. Nye bustader / nytt næringsareal (BRA)	0
Aktuelle problemstillingar (støy, byggjehøgde, og liknande.)	Støy
Ligg det føre det varsel om motsegn (j/n)	Nei
Konsekvensutgreiingsplikt (j/n)	Nei
Oppstartsmøte	06.04.2016
Kunngjering oppstart, dato	01.07.2016/28.09.2016
Offentleg ettersyn, dato	31.08.2018 – 19.10.2018

2 Bakgrunn

2.1 Bakgrunn for planarbeid og formål med planen

På vegne av tiltakshavar Fotlandsvåg Maskinentreprenør AS v/Roger Hartveit har Multiconsult Norge AS utarbeidd eit planforslag for masseuttak på delar av gbnr 6/1 på Vevletveit i Osterøy kommune.

Innanfor planområdet er det i dag eit eksisterande masseuttak som er underlagt krav om reguleringsplan. Det har vore drive masseuttak i området sidan 1989. Masseuttaket fekk mellombels godkjenning i 1989 etter jordlova, der det vart lagt til grunn ein driftsperiode på 8-9 år med vilkår om rekkefølge og tilbakeføring av arealet til jordbruksareal. Det vart i 1992 gjeve utsleppsløyve til drift av pukkverk etter forureiningslova med tilhøyrande krav og vilkår for drift. I 1999 overtok noverande drivar masseuttaket med same krav og vilkår etter jordlova og forureiningslova, jf. brev frå fylkesmannen i Hordaland av 20.05.1999. Masseuttaket har per i dag krav om å få godkjent reguleringsplan innan 2018.

Avgrensinga av formålet for masseuttak vil følgje avgrensinga til arealformålet råstoffutvinning i kommuneplanen og reguleringsplanen vil samsvare med overordna plan. Formålet med reguleringsplanen er å hente ut resterande mineralressursar i dagens uttak og sette føringar for korleis masseuttaket skal tilbakeførast til LNF-formål. Planen omfattar også utbetring av avkøyrsløp mot fv. 362.

I planen skal ein tilbakeføre planområdet til LNF-formål ved avslutta drift i masseuttaket.

3 Planprosessen

3.1 Oppstartsmøte

Oppstartsmøte vart halde 06.04.2016. Kommunen, tiltakshavar og plankonsulentar frå Multiconsult deltok på møte. Kommunen sine førebelse råd og vurderingar (henta frå referatet):

- Planavgrensing må sjekkast mot tilgrensande planar og ny avgrensing må sendast over i etterkant av møtet for godkjenning.
- Plannamn må tilfredsstillast krava i stadnamnlova og godkjennast i tråd med lokal forskrift.
- Sykkelveg. Skuleveg må sjekkast opp.
- Det går ei vassleidning i veg forbi området.
- Det må utarbeidast ei vurdering av om planarbeidet utløyer krav om konsekvensutgreiing.
- Område for eksisterande masseuttak må kartleggjast og georefererast. Behov for å avklare dagens situasjon. Det er ikkje oppdaterte terrengdata etter dagens situasjon. Avgrensing for uttekne massar/ingrep må sendast kommunen i sosiformat med terrengprofilar.

3.2 Kunngjering oppstart

Planarbeid vart fyrste gang satt i gang i 2008, men vart ikkje ferdigstilt. Planarbeid vart tatt opp igjen på nytt i 2016, og oppstartvarsel vart kunngjort i lokalavisa Bygdnytt 01.07.2016. Naboar, grunneigarar og offentlege høyringsinstansar vart varsla med brev datert 01.07.16. I tillegg har det vore lagt ut informasjon om oppstart av planarbeidet på nettsida til Multiconsult:


<http://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/oppstart-reguleringsplanarbeid-eigedom-gnr-6-bnr-1-mfl-pa-vevletveit-osteroy-kommune/>, og på Osterøy kommune sine nettsider i

varslingsperioden.

Til fyrste varsel om planoppstart (sjå figur 3-2) kom det inn merknad frå Statens vegvesen som gjorde det naudsynt å utvide varslingsgrensa. Varsel om utvida planområde (sjå figur 3-1) vart sendt grunneigarar og offentlege instansar 28.09.16.

Merknadene, kunngjeringsannonse, naboliste, liste over høyringsinstansar og varslingsbrev ligg vedlagt.

Totalt kom det inn sju merknader til planoppstart. Merknadene er vurdert og samanfatta i kapittel 10.




Figur 3-1: Utvida planområde.

Varsel om oppstart av reguleringsplan

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 blir det med dette varsla om at reguleringsplanarbeid er sett i gang for eigendom gnr. 6 bnr. 1, mfl. på Vevletveit i Osterøy kommune.

Tiltakshavar er Fotlandsvåg maskinentreprenør AS og forslagstillar er Multiconsult ASA.



Formålet med planarbeidet er å regulere massetak med detaljert plan for tilbakeføring av landskap til landbruksformål i tråd med kommuneplan. Planområdet er ca. 30 da.

Meir informasjon om planarbeidet er å finne på www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringar/ og <http://www.osteroy.kommune.no/kunngjoringar-planarbeid.309536.nn.html>

Naboar, grunneigarar og overordna mynde blir varsla direkte. Eventuelle merknadar til planarbeidet kan sendast skriftleg til: Multiconsult ASA /v Lise Marie Laskemoen, Nesttunbrekka 99, 5221 Nesttun eller e-post lise.marie.laskemoen@multiconsult.no innan 15.08.2016.

Spørsmål vedkommande reguleringsarbeidet kan stillast til:
Multiconsult ASA /v Lise Marie Laskemoen. Tlf. 55623331

Multiconsult

Figur 3-2: Varslingsannonsen som viser opphavleg varslingsgrense.

3.4 Planstatus og overordna føringar

3.4.1 Statlege planretningslinjer/rikspolitiske retningslinjer

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging 2014: Målesetting med retningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga og bidra til meir effektive planprosessar. Relevante retningslinjer for dette planarbeidet er å ta omsyn til overordna grønstruktur, forsvarleg overvasshandtering, naturmangfald, matjord, kulturhistoriske verdiar og estetiske kvalitetar. Desse tema er vurdert og teke omsyn til i planarbeidet, sjå kap. 8.

Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane: Målsetting at kommunane, her under fylkeskommunane, gjennom planlegging og øvrig myndighet- og virksomhetsutøvelse skal stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvennleg energiomlegging. Desse tema er omtalt i planskildringa, sjå kap. 8.1 og 8.14.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegginga (1995) stiller m.a. krav om at barn og unge skal takast omsyn til i plan- og byggesaksbehandlinga. Vidare blir det stilt krav til fysisk utforming slik at anlegg som skal brukast av barn og unge vert sikra mot ureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Barn og unge sine interesser er vurdert og teke omsyn til i planarbeidet, sjå kap. 6.4 og 8.9.

Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga (T-1442) skal leggjast til grunn ved planlegging. Retningslinjene tilrår at anleggseigar bereknar to støysoner rundt viktige støykjelder, ei raud og ei gul sone. I raud sone skal ein unngå støyfølsame bygg. I gul sone skal ein vurdere kvar nye bygg skal førast opp og sikre avbøtande støytiltak. Støy er tema i planarbeidet i kap. 8.8, og det er utarbeidd eigen støyrapport datert 07.11.2016, sjå vedlegg 09.

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag gjeld vassdragsbelte og område inntil 100 meter langs vassdraget og andre deler av nedbørsfeltet som har betydning for vassdragets verneverdi. Det er lagt inn eit grøntområde som buffer mot vassdraget. Vassdraget og konsekvensane for vassdraget er tema både i kap. 6.6, 8.6 og 8.7.

Retningslinje om behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520) er statlege tilrådingar om korleis luftkvalitet bør handterast i arealplanlegging. Retningslinja inneheld tilrådde luftureiningsgrenser som bør leggjast til grunn ved planlegging av ny eller eksisterande verksemd eller utbygging. Hovudregel er at det ikkje bør etablerast bustader, skuler, barnehagar eller annan sårbar utbygging innanfor raud sone. I gul sone bør man gjere nærmare vurdering av luftkvalitet ved ny utbygging. Luftkvalitet er skildra i kap. 8.8.

3.4.2 Andre føringar

Samfunnstryggleik: I følge plan- og bygningslova § 4-3 skal det gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyse for alle areal- og utbyggingsplanar. Formålet er å førebygge risiko og sårbarheit for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og materielle verdiar. ROS-analyse er gjennomført, sjå kap. 9.

Naturmangfaldlova (NML) §§ 7-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Vurderingane i høve til lova skal gå fram av planane. Mål og prinsipp i NML skal trekkjast inn frå starten av planlegginga. Vedtak som gjeld uttak av mineralske førekomstar vil råke natur. Førekomsten vil i seg sjølv utgjere natur, slik at vedtak om uttak og andre inngrep i utgangspunktet vil råke natur. Vidare vil tiltak kunne råke annan natur i nærleiken. I slike saker kjem naturmangfaldloven til bruk. Vurderingane etter NML er gjort i kap. 8.6.

Folkehelse: Planlegginga skal vere helsefremjande, jf. folkehelselova. Vurderinga av folkehelse er gjort i kap. 8.11.

Lov om erverv og utvinning av mineralressursar (minerallova) og driftskonsesjon frå Direktoratet for Mineralforvaltning (DFM): Formålet med lova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippa om ei berekraftig utvikling. Samla uttak av mineralførekomst på meir enn 10 000 m³ krev driftskonsesjon frå DFM. Driftsområdet skal fastsetast i konsesjonen. Arealmessig avklaring er minimum at området er avsett til råstoffutvinning i arealdelen, men fortrinnsvis godkjent reguleringsplan. Søknad om driftskonsesjon skal innehalde driftsplan. Dette er vidare omtalt i kap. 4.

Lov om vern mot forureining og avfall (forureiningslova) m/forskrifter har som formål å verne det ytre miljø mot ureining og å redusere eksisterande ureining, å redusere mengda av avfall og å fremje ein betre behandling av avfall. Lova skal sikre ein forsvarleg miljøkvalitet, slik at ureiningar og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skadar naturens evne til produksjon og sjølvfornying. Forureiningsforskrifta regulerer alle knuseverk som produserer pukk, grus, sand og singel. Forskrifta fastset meldeplikt for produksjonsanlegg for pukk, grus, sand og singel. Melding skal sendast fylkesmannen, normalt etter at reguleringsplan er vedtatt. Forskriften stiller krav til og grenser for aktuelle typar ureiningsbelastning. Dette gjeld støv (grense for nedfall av mineralsk støv over fastsatt tidsperiode), utslepp til vatn (øvre grense for suspendert stoff i utsleppspunkt/resipient), støykrav etter T-1442 m.m., og krav til handtering av finstoff frå mineralavfall. Forskriften pålegg verksemda å ha måle- og kontrollprogram, rutinar for journalføring/dokumentasjon og rutinar for oppbevaring av opplysningar over tid. Forvaltning av forskrifta er delegert til fylkesmannen, som skal føre tilsyn med vilkåra i forskrifta og ev. løyve etter forskrifta. Ureining er tema i planen, sjå kap. 8.8.

Kulturminnelova har særskilte krav til dokumentasjon av kulturminner i plansaker og andre situasjonar der kulturminner kan bli påført skade, og då skal kulturminnemyndegheita kontaktast før nokon inngrep: Den som skal leite eller undersøke om det finns mineralar, skal på førehand melde frå om inngrep som kan påverke automatisk freda kulturminner. Kulturminne er omtalt i kap. 6.8 og 8.5.

Lov om jord (jordlova) har som formål å leggje tilhøva til rette slik at jordareala i landet med skog og fjell og alt som høyrer til, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Planforslaget opnar for at området kan tilbakeførast som landbruksområde, sjå kap. 7.

3.4.3 Regionale planar

Regional næringsplan (2013-2017)

Har som overordna mål at Hordaland skal ha:

- fleire innovative verksemdar som betre nyttar moglegheitene i marknadene
- større del av gründerar som etablerer berekraftige vekstverksemdar
- fleire innovative næringsmiljø, der verksemdene samarbeider tettare seg imellom og med FoU-miljø og deira internasjonale kontaktnett
- verkemiddelaktørar som enno betre støyr opp om berekraftige verksemdar og næringsmiljø
- teke naudsynte politiske avgjerder om (nærings-)areal, utbyggingsmønster og transport som gjev grunnlag for ein berekraftig og konkurransedyktig Bergensregion
- fleire døme på meir attraktive tenestetilbod og vekstkraft i næringslivet i regionale senter

Regional klimaplan (2014-2030)

Målet med klimaplanen er at Hordaland er på veg mot lågutsleppssamfunnet. Klimaendringar har vore tema i planarbeidet. Sjå ROS-analysen i vedlegg 04.

Regional plan for folkehelse (2014-2025)

Målet med folkehelsearbeidet er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar. Planen har særleg fokus på temaområder som omhandlar dei viktige arenaene for folk sine kvardagsliv. Sjå kap. 8.11.

3.4.4 Kommunale planar

I arealdelen til kommuneplanen (2011-2023), planID 2010001, er området sett av til råstoffutvinning med omsynssoner for bevaring naturmiljø, H560_71 og gul støysone, H220.



Figur 3-3 Utsnitt frå arealdelen til kommuneplanen 2011-2023.

I føresegnene om råstoffutvinning heiter det i pkt. 2.33:

«For område avsett til råstoffutvinning/masseuttak eller vesentleg utviding av eksisterande uttak kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i plan- og bygningslova kap. 20 eller gjennomførast frådeling til slike føremål før området inngår i ein reguleringsplan. Reguleringsplan skal innehalde krav om driftsplan. Driftsplanen skal regulere tilhøva før, under og etter driftsperioden, og det skal gå fram korleis området skal sjå ut etter ferdig uttak. Området med lausmassar skal i størst mogleg grad førast tilbake til opphavleg bruk. Heimel: Pbl. § 11-9 nr.1 og 8.»

I planskildringa er omsynssona bevaring naturmiljø, H560_71 omtalt:

«Bevaring naturmiljø: H560_71 Loneelva. Det er lagt omsynssone over Lonaelvi og sidebekkar, 50 meter frå vassstreng. Her må alle tiltak vurderast mot moglege konsekvensar på vasskvalitet for elvemusling. Tiltak som kan ha effekt på elvemuslingen må i tillegg til løyve frå særlov òg avklarast i forhold til elvemusling-forskrifta. Dersom omsøkt tiltak kan føre til reduksjon av vasskvalitet, kan det i mange tilfelle vere tilstrekkeleg å gjennomføre mellombelse førebyggjande tiltak for å redusere tilsig av ureina vatn til vassdraget i anleggsperioden (avskjeringsgrøfter, sedimenteringsbasseng m.m.)»

Andre aktuelle kommunale planar:


- Samfunnsdelen
- Kommunedelplan for energi og klima 2012-2016 sitt handlingsprogram (vedtatt 14.12.2011)
- Kommunedelplan for vassforsyning
- Kommunedelplan for avløp
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Kommunedelplan for ny riksveg Hauge-Lonevåg
- Kommunedelplan Landbruk

3.4.5 Reguleringsplanar

Planområdet er delvis uregulert. Det er tre godkjende reguleringsplanar som har betydning for planarbeidet. Dette er reguleringsplan for fv. 567 Hauge-Lonavåg, som planen ligg innanfor, detaljreguleringsplan for Vevleheiane og detaljreguleringsplan for Stuttåsen, Hauge.

Reguleringsplan for fv. 567 Hauge- Lonevåg:


Reguleringsplan for fv. 567 Hauge-Lonevåg, planID 20081200 regulerte ny veg mellom Hauge og Lonevåg. Reguleringsplanen omfattar også deler av fv. 362, gjennom planområdet, fram til deponiområde ved Borgavatnet. Reguleringsplan vart godkjend i 2003 med ei reguleringsendring godkjend i 2009. Reguleringsplanen opnar for deponi ved Borgavatnet. Deponeringa vart gjennomført i samsvar med reguleringsplanen. Området er no nytta som jordbruksareal.



Figur 3-4: Reguleringsplan for fv. 567 Hauge –Lonevåg. Planområdet er markert med raud sirkel.

Detaljreguleringsplan Vevleheiane, planID 2013003:


Reguleringsplan for Vevleheiane bustader, planID 2013003, vart godkjend i 2015. Planen legg til rette for utbygging av inntil 17 bustadeiningar, fordelt på einebustader, tomannsbustader, rekkehus og firemannsbustad. Planområdet er førebels ikkje utbygd. Vevleheiane ligg om lag 600 meter søraust for planområdet.



Figur 3-5: Reguleringsplan for Vevleheiane til venstre. Oversiktskart som viser lokalisering av Vevleheiane-planen (blå sirkel) og planområdet for masseuttak (raud sirkel). Kjelde: Nordhordlandskart.no og braplan.no.

Detaljregulering for Stuttåsen, Hauge, planID 2013005:

Reguleringsplan for Stuttåsen, Hauge, planID 2013005, vart godkjent 20.01.2016. Planen legg til rette for utbygging av inntil 36 bustadeiningar som eine- eller tomannsbustader i fem delfelt. Planområdet er førebels ikkje utbyggt. Stuttåsen ligg om lag 600 meter nordvest for planområdet.



Figur 3-6: Reguleringsplan for Stuttåsen til venstre. Oversiktskart som viser lokalisering av Stuttåsen-planen (blå sirkel) og planområdet (raud sirkel). Kjelde: Braplan.no.

4 Konesjon etter minerallova

Der uttak av masser skjer over eit lengre tidsrom og drifta er kommersiell, eller samla uttak av mineralførekomstar er på meir enn 10 000 m³, er det krav om både reguleringsplan og driftskonesjon med driftsplan etter minerallova. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) handsamar søknader om driftskonesjon og godkjenner driftsplan. Driftsplanen er tiltakshavars styringsverktøy for planlegging og gjennomføring av uttak av mineralressursen. Driftsplanen skal bidra til forsvarleg sikring og opprydding av uttaksområdet undervegs og etter avslutta drift. Driftsplanen ligg til grunn for DMF tilsyn og dannar grunnlag for berekning av økonomisk sikkerheitsstilling for gjennomføring av sikrings- og oppryddingstiltak. Tilhøve som blir regulert i driftsplan, bør ikkje gjentakast i reguleringsplan for å unngå dobbelregulering. I temarettleiaren "[Uttak av mineralske forekomster og planlegging etter plan- og bygningsloven](#)" er det skildra kva tema som regulerast etter plan- og bygningslova og kva som høyrer til minerallova og forureiningslova. Denne planen er utforma etter denne temarettleiaren.

5 Vurdering av behov for konsekvensutgreiing

I oppstartsmøtet med kommunen i 2016 vart det kravd vurdering av om planen er utgreiingspliktig etter «*Forskrift om konsekvensutredningar for planer etter plan- og bygningsloven*». Det vart difor utarbeidd eit notat der utgreiingsplikta vart vurdert etter gjeldande forskrift.


Ny forskrift for konsekvensutgreiingar var gjeldande frå 01.07.17. I den går det fram at reguleringsplanar for uttak av malm, mineral, stein, grus, leire eller andre massar dersom minst 200 dekar samla overflate vert berørt eller samla uttak omfattar meir enn 2 millionar m³ masse, eller uttak av torv på område større enn 200 dekar, vert alltid omfatta av KU-forskrifta, jf. vedlegg I, pkt. 19. Unntaket for dette er dersom konsekvensane for uttaket er tilfredsstillande utgreia på overordna nivå, dvs. arealdelen til kommuneplanen, jf. § 6 bokstav b. I dette tilfellet er formålet råstoffutvinning i samsvar med arealdelen til kommuneplanen. Spørsmålet om ein plan kjem inn under KU-forskrifta § 8 a vedlegg II, vert avgjort ut frå miljøkriteria i KU-forskrifta § 4. Etter ein samla gjennomgang av området og planen sitt formål, vurdert opp mot forskrifta for konsekvensutgreiing, har ein vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Kommunen har i tilbakemeldinga på notatet kome fram til same konklusjon, men har også uttrykt at planen er i grenseland.

Notatet, saman med kommunen si vurdering, vart lagt ved varsel om oppstart både i brev, e-post og på nettsidene.

6 Dagens situasjon

6.1 Lokalisering og planavgrensing

Området ligg på Vevletveit sentralt på Osterøy ved Borgavatnet. Det ligg om lag 2,5 km sør for kommunesenteret Lonevåg og 4 km aust for Valestrand. Lokalisering av planområdet er vist i kartutsnitta nedanfor (fig. 6-1).



Figur 6-1: Lokalisering av planområdet.

Planavgrensinga følgjer avgrensinga til formålet råstoffutvinning i arealdelen til kommuneplanen. Del av Revheimsvegen, fv. 362, er tatt med langs planområdet på grunn av krav til siktsone ved etablering av ny avkjørsle til planområdet, samt regulering av vegen i tråd med vegnormalen.



Figur 6-2: Planavgrensinga til planen.

6.2 Dagens arealbruk og tilstøytende arealbruk

Planområdet grensar til fv. 362, Revheimsvegen, mot vest, nord og nordaust. I sørvest grensar planområdet til kommunalveg; Vevlevegen. Planområdet er om lag 30 dekar. Tilgrensande område vert i hovudsak nytta til jord- og skogbruk.


Nordvest for fv. 362 har Statens vegvesen nytta området til deponi etter utsprenging av tunell på veganlegg mellom Hauge og Lonavåg. Om lag 160 000 m³ massar er deponert her. Området er i ettertid dekket til med jord og området vert i dag nytta til landbruk.

Innanfor planområdet er det i dag eit eksisterande masseuttak. Det er drift ved masseuttaket heile året og driftsperioden er i dag frå kl. 06-18 etter konsesjon av 26.11.1992. Den daglege drifta består i hovudsak av masseflytting, transport og opplasting. I periodar går det òg føre seg boring, sprenging og knusing av massar. Det vert knust om lag 20 000 m³ fast fjell årleg (53 000 tonn). Konsesjonen opnar for opp til 70 000 tonn uttak årleg. Borerigg vert leigd inn ved behov og denne har støvfilter påmontert. Vatning vert gjennomført ved behov.



Figur 6-3: Planområdet sett frå nord per februar 2018. Foto: Multiconsult Norge AS

Nærmaste bustadhus ligg respektivt 130, 140 og 250 meter frå yttergrensa til planområdet. Det er nyleg regulert to nye bustadområde, Stuttåsen og Vevleheiane. Begge desse ligg om lag 600 meter frå planområdet.



Figur 6-4: Kart som viser avstand til nærmaste bustader. Kjelde: Kystinfo.



Figur 6-5 Avgrensinga av reguleringsplanens formål for masseuttak i blått. Den blå linja følger, med unntak av veg, same avgrensing som arealformålet råstoffutvinning i arealdelen til kommuneplanen. Den gule linja viser massane som er teke ut til no av området, målt inn mai 2016.

6.3 Topografi og landskap

Planområdet ligg vestvendt på ein åsrygg ved Borgavatnet, søraust for fv. 362. Nordvest og søraust for området skjermar skogbeltet for direkte innsyn. Mot Borgavatnet er landskapet meir opent.

Planområdet består hovudsakleg av steinbrotet og er godt synleg i landskapet.



Figur 6-6: Bilete som viser planområdet. Kjelde: Google

6.4 Barn og unge sine interesser

Det er ingen kjende leikeplassar, turvegar eller andre element av interesse for barn og unge i eller i nærleiken av planområdet. I barnetråkkregistreringa tilknytt Lonevåg skule er fylkesveg 362 forbi planområdet registrert som skuleveg, men elevane vert skyssa mellom Hauge og Lonevåg. Det er busstopp i begge retningar (Øyjordsbru) like ved plangrensa.

Det er ein badeplass ved Borgavatnet, ved Stuttåsen, om lag 700 meter nord for planområdet. Det ligg også ein lokalkjent badeplass om lag 500 meter aust for planområdet. Sjå oversiktskart under.



Figur 6-7: Kartet til venstre viser badeplassar ved Stuttåsen i nord og ved Mjåsundet i aust, vist med raude sirkelar. Planområdet vist med lilla sirkel. Til høgre: flyfoto frå kart.finn.no som viser badeplassen ved Stuttåsen.

Borgavatnet er også hjå fylkeskommunen si friluftskartlegging registrert som regionalt viktig saman med Orretuva friluftsområde. I tillegg til badeplassen vert også utfartsområde ved Stuttåsen omtalt med stor lokal verdi (Iseggene- Horsåsfjellet i kartlegginga til fylkeskommunen).

6.5 Jordvern og landbruk

Ein stor del av området vert i dag nytta som masseuttak, og heile planområdet med unntak av fylkesvegen er avsett til råstoffutvinning i arealdelen til kommuneplanen. I arealressurskarta frå Skog og landskap (sjå figur 6-8) er planområdet registrert som ope skrin fastmark. Dei attverande uttaksområdet er i nordaust registrert som skog med høg bonitet, og i sør registrert som innmarksbeite.



Figur 6-8: Arealressurskart som viser at området i hovudsak er registrert som ope skrin fastmark. Kjelde: Skog og landskap.

6.6 Naturmangfald

Det er gjort miljøavklaringar i medhald av naturmangfaldlova. Det er innhenta kjent kunnskap frå databasar som Naturbasen, Artskart, Miljøstatus i Norge, Vann-Nett og lakseregisteret, samt føresetnader sett i gjeldande KPA for Osterøy kommune 2011-2023. Det er også nytta tidlegare utarbeidde rapportar som skildrar naturmangfaldet i området, frå Multiconsult 2008, Rådgivende Biologer 2010 og Opus 2014.

Det er ikkje registrert verna, midlertidig verna eller føreslegne verneområde etter naturmangfaldlova innanfor planområdet.

Vassførekomst og naturtypar vert gjennomgått under.

6.6.1 Vassførekomst i området

I nord ligg Borgavatnet og vest for planområdet renn ei sideelv til Lonelva, Vevleelva. Heile området ligg innanfor nedslagsfeltet til det verna vassdraget *Loneelvi*. Grunnlaget for vern er plassering, jf. NVE. Vassdraget er viktig del av ei lågareliggende øy der landskapet er styrt av geologiske strukturar. Det er stort naturmangfald knytt til forma på elveløpet, vassfuglar og laks. Det er også store verdiar knytt til kulturminner og kulturlandskap, og friluftsliv er viktig bruk.

Vassdraget har gode fiskebestandar og produktiv smoltproduksjon. Laksestammen har vore forska på og det er utarbeida driftsplan for anadrom fisk i vassdraget. Vassdraget er regionalt viktig for vassfugl og Borgavatnet er klassisk lokalitet i fylket for overvintring av songsvanar. Fleire raudliste artar hekkar i vassdraget.

Lonelva er eit laksevassdrag. Elva har ein god gytebestand, jf. lakseregisteret. Gyteområdet er registrert ved Giljafossen, i Lonelva. Lonelva er ikkje tilknytt ein nasjonal laksefjord eller registrert vassdrag med vandrande laksefisk. Det finns fem fiskeartar i vassdraget med til dels gode bestandar; laks, sjøaure, røye, stingsild og ål. Borgavatnet er einaste vatnet i vassdraget med røye. Laksestammen i Lonelva har låg snittvekt (smålakselv). Stort sett alle mindre bekkedrag som er tilknytt vassdraget har funksjon som gytebekker for aure.



Figur 6-9 Nedslagsfeltet til Lonelva, planområdet er markert med raud ring. Kjelde: Naturbasen.

6.6.2 Naturtypar

Vassdraget *Loneelvi* er regionalt viktig for vassfugl med Borgavatnet som viktigaste element. Borgavatnet er ein klassisk lokalitet i fylket for overvintring av songsvanar, men nyttast også av andre vassfuglartar året rundt. Fleire raudliste artar hekkar her. Vassdraget har stor verneverdi.

I og rundt Borgavatnet er det registrert ål og vassrikse (VU), vipe (EN), sylblad (ansvarsart) skaftevjeblom, dvergdykker, sandsvale, stær, gjøk og fiskemåke (NT), i tillegg til ei rekke livskraftige artar.

Det er registrert elvemusling i vassdraget, som er ein sårbar art. Vevleelva langs planområdet og Borgavatnet er del av dette vassdraget. Det er liten bestand av elvemusling att i vassdraget, og dei fleste individa finns i Svenheimselva, ca. 3,2 km nordaust for planområdet. Elva har her vore mest påverka av gjødsling og siloutslepp. Bestanden i Svenheimselva lev ovanfor lakseførande strekning, har aure som vertsfisk, og er truleg ein eigen bestand som skil seg frå muslingen på lakseførande strekning. Restbestanden av elvemusling på lakseførande strekning, i Stilla i Loneelva, som truleg har laks som vert, er svært få.


Siste registreringar av elvemusling vart i 2011 og utført av Rådgivende biologer. I rapporten vert det konkludert med at tiltak må setjast i inn dersom elvemuslingbestanden i Loneelva skal bergast. I arealdelen til kommuneplanen er det lagt inn ei omsynssone H560_71, bevaring naturmiljø, der Loneelva med sidebekkar og 50 meter frå vasstreng inngår i sona.

Det er ikkje registrert områder som er særst viktige for naturens mangfald, men det er registrert rik kulturlandskapsjø ved Borgavatnet. Lokaliteten er ganske artsrik, men bortsett frå stor bestand av skaftevjeblom er det ikkje registrert sjeldne artar her. Verdien er sett som viktig.

Det er ikkje spesielle viltførekostar eller vilttrekk i eller i nærleiken av planområdet.



Figur 6-10 Sårbare artar i nærområdet. Svart skravur viser kor det er registrert elvemusling i Stilla i Loneelva ca. 1,3 km frå planområdet. Kjelde: Naturbasen.




Figur 6-11 Registrert område for rik kulturlandskapsjø ved Borgavatnet. Kjelde: Naturbasen.

6.7 Friluftsliv

Det er ingen registrerte statleg sikra friluftsområde eller kartlagde friluftslivområde innanfor planområdet. Det er ikkje turstiar, idrettsanlegg eller annan spor av leik eller barnetråkk innanfor planområdet.


Det er registrert eit regionalt viktig friluftsområde i nærleiken, Orretuva. Dette er kartlagd av fylkeskommunen med områdetype *Marka* og med verdi *viktig*. Langs vatnet finns badeplass og utfartsområde med stor lokal bruksverdi. Sjå kapittel 6.4.



Figur 6-12 Regionalt viktig friluftsområde (grøn flate) i og rundt Borgavatnet. Kjelde: Naturbasen.

6.8 Kulturlandskap og kulturminne

Det er i dag ingen kjende automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne innanfor planområdet. Det er ikkje registrert nasjonalt eller regionalt viktig kulturlandskap i eller i nærleiken av planområdet. Det er ingen SEFRAK-registrerte bygg (bygg eldre enn 1900) i planområdet. Det er registrert to SEFRAK-bygningar sør for planområdet, to våningshus, begge er meldepliktig ved riving/ombygging. I tillegg er det ein ruin eller fjerna bygning som er registrert som mur etter smie.




Figur 6-13 Registrerte SEFRAK-bygninger søraust for planområdet. Kjelde: Miljøstatus i Norge.

6.9 Geologiske grunntilhøve

Grunnen i planområdet består av faste massar og fjell, hovudsakleg amfibolrik gneis til amfibolitt, stadvis granittisk gneis. Denne bergarten strekk seg også elles over store deler av Osterøy. Lausmassar i planområdet består av forvittringsmateriale.

Pukkressursen er registrert som viktig i NGU sin database over pukkressursar. Rangeringa er vurdert ut frå volum, kvalitet og situasjonsbetinga tilhøve som plassering og marknad. Pukkverket er det einaste som er i drift i dag på Osterøy.



Figur 6-14 Utsnitt frå NGUs database over grus og pukk - verdivurdering. Kjelde: www.geo.ngu.no/kart


6.10 Miljøtilhøve

Det er utarbeida rapport med støyvurderingar datert 07.11.2016 som viser at grenseverdiane for støy er tilfredsstilt, jf. vedlegg 09. Støynivået er vurdert mot grenseverdiane i Retningslinje for støy i arealplanlegging, T-1442 og forureiningsforskrifta. Digitalt kart med 1 meters koter er nytta som underlag for berekningane. Berekningane baserer seg på dagens bruk av området som masseuttak.


Støy frå masseuttaket vert i hovudsak forårsaka av boring, steinknusing og bruk av pigghammar.

Resultatet av berekningane i rapporten er vist som omhyllingskurver for dei mest støyutsette plasseringane av maskinane i uttaksområdet, sjå Figur 6-15 figur 6-16 under. I dei fleste situasjonane vil støyutbreiinga vere monaleg lågare. Rapporten viser at ein bustadeining ligg innanfor grenseverdiane for knusing i Retningslinje for støy i arealplanlegging og forureiningsforskrifta. Støynivået for bustader som er i bruk er mindre enn 55 dB for boring og knusing og mindre enn 50 dB ved bruk av pigghammar. Bustadområdet på Stuttåsen er ikkje omfatta av støyutbreiinga. Grenseverdiane for støy frå masseuttak er tilfredsstilt.

Planområdet vert også påverka av vegtrafikkstøy. Kartet under (figur 6-16) viser støy langs dagens fv. 362.



Figur 6-15: Omhyllingskurve for støynivå for mest utsette posisjonar for boring, knusing og bruk av pigghammar. Blå linje viser avgrensing av planområdet. Kjelde: Rapport støyvurdering (Sweco)



Figur 6-16: Utsnitt av støyvarselkart etter T-1442, Osterøy kommune – del 1 Sør. Beregna støyinnivå Lden (dBA) Gult felt: 55-65, raudt felt over 65. Kjelde: Statens vegvesen, kart datert 2010.

Det er krav om støvnedfallsmålingar når avstanden til nærmaste nabo er mindre enn 500 meter, jf. forureiningsforskrifta § 30-5 og 30-9. I dette tilfellet ligg nærmaste nabo 250 meter frå masseuttaket. Målingane må gå over minst eitt år og skal ikkje avsluttast før målingane dokumenterer at krava i forskrifta vert stetta. Føresegnene og driftsplan sikrar gjennomføring av målingar. Det er krav om tiltak mot dette i gjeldande konsesjon.

6.11 Veg og trafikk

Planområdet har i dag tilkomst frå fv. 362. Vegen har ei fartsgrense på 80 km/t med ein ÅDT (årleg døgntrafikk) på 250 etter vegdatabanken (vegkart.no). Vegen har låg standard med smal køyrebredde og møteplassar. Standard på vegen gjer at fartsgrensa i realiteten er låg. Det er ei avkøyrsløse vest for planområdet, til Vevlevegen, som går til bustader på Vevletveit.

Til masseuttaket i dag er det ingen definert avkøyrsløse, men open tilkomst direkte frå Fv. 362. Statens vegvesen har sett krav om opparbeiding av ei avkøyrsløse.

Fylkesveg 362 langs planområdet vart regulert i reguleringsplan for Hauge – Lonevåg (planID 20081200).

6.12 Anna infrastruktur

Det er per i dag ikkje offentleg vatn og avløp nær planområdet, nærmaste punkt for tilkopling er Revheim om lag 2 km aust for planområdet.

6.13 Kollektivtrafikk

Rutebusslinjene 200 Osterøy – Arna – Bergen, 201 Bruvik – Haus/Arna, 210 Valestrand – Lonevåg og 211 Raknes – Valestrand – Bergen trafikkerer på strekninga. Det er eit busstopp (Øyjordsbru) i begge retningar like ved plangrensa. Her går det buss om lag kvar halve time morgon og ettermiddag, elles om lag ein gong per time. Nærmaste knutepunkt for kollektivtrafikkovergang er Valestrand og Lonevåg. Herifrå går det rutebussar til områda innover Osterøy og til Bergen. Bilferja knyter

Valestrand saman med Breistein i Bergen kommune. Frå Breistein til Bergen sentrum er reisetida ca. 20 minutt.

6.14 Privat og offentleg servicetilbod


Lonevåg ligg om lag 4 km frå planområdet. Her ligg kommunesenteret, politi, brannvesen, bibliotek og andre servicetilbod.

Nærmaste skule er på Valestrand ca. 5,5 km frå planområdet og på Lonevåg. Osterøy gards- og friluftsbarnhage ligg på garden Vevle om lag 2 km søraust for planområdet. Vevlestova avlastnings- og fritidssenter ligg om lag 1 km frå planområdet.

6.15 Risiko og sårbarheit

Planen ligg i nærleiken av aktsemdsområde for flaum og for aktsemdsområde (både utløpsområde og utløysingsområde) for snøskred.

Det er utført ein ROS-analyse av planområdet i samanheng med utarbeiding av planforslaget, sjå kap. 9.




Figur 6-17 Aktsemdskart frå NVE. Kjelde <https://www.nve.no/flaum-og-skred/skrednett/>

7. Skildring av planforslaget

7.1 Hovudtrekk i planen

Planområdet er om lag 30 dekar stort og ligg ved fv. 362 på Vevletveit. Planen opnar for uttak av resterande masser og sikrar tilbakeføring av landskapet til LNF-formål. Planen omfattar eit område avsett til råstoffutvinning i arealdelen til kommuneplanen i tillegg til delar av fv. 362.



Figur 7-1: Plankart datert juni 2018.

7.2 Planlagd arealbruk og omsynssoner

Arealformål	Areal (dekar)
Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 nr. 1)	
Råstoffutvinning (BRU)	27,3
Samferdsel og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr. 2)	
Veg (SV)	1,9
Annan veggrunn teknisk anlegg (SVG)	0,7
Grønstruktur (pbl § 12-5 nr. 3)	
Vegetasjonsskjerm (GV)	1,8
SUM	31,8

Omsynssoner	Areal (dekar)
a1. Sikringssoner	
Frisikt (H140)	0,1
Andre sikringssoner (H190)	1,5
a3. Faresoner	
Høgspenningsanlegg (H370)	1
c) Sone med særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø med opplysning om interesse.	
Bevaring naturmiljø	1,8
SUM	4,4

7.3 Reguleringsformål

7.3.1 Råstoffutvinning (BRU)

Planområdet er i dag eksisterende masseuttak. Grusressursen består hovedsakelig av pukk og er i NGU sin database skildra som ein viktig ressurs i lokal samanheng. I tillegg er det einaste grus- og pukkressursen på Osterøy.

Innanfor formålet BRU opnar planframlegget for uttak av massar ned til kote +39. Det skal utarbeidast ein driftsplan for uttaket som skal godkjennast av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal sendast til kommune for uttale før oversending til DFM.

Potensielt uttak


Det er gjort ei masseberekning av kor mykje massar som potensielt kan takast ut innanfor formålet. Med uttak ned til kote +39 viser berekningane følgjande:

Tabell 7-1 Oversikt over mogleg uttak av massar innanfor formål BRU til kote 39:

	Volum	Omregningsfaktor til tonn	Tonn
Maks uttak basert på kartgrunnlag 2012*	Ca 350 000 m ³	2,65	Ca 930 000 tonn
Maks uttak korrigert for innmåling 2016**	Ca 250 000 m ³	2,65	Ca 660 000 tonn

*Tilgjengeleg kartgrunnlag viser terreng frå 2012 og tilseier at det på dette tidspunktet var om lag 350 000 m³ massar att innanfor formålet.

**Det vart gjort ei innmåling i 2016 av ytterkanten av brotet (sjå figur 7-2). Ved maks uttak av massar til kote 39, så er det om lag 210 000 m³ faste massar att i brotet. Korrigert for at ein del massar ligg att i pallar og lagerhaugar per i dag, så er det berekna at det er 250 000 m³ massar igjen i brotet.



Figur 7-2 viser innmåling av brotet sin ytterkant i 2016. Kjelde Vest oppmåling AS.

Antatt årleg uttak er basert på etterspurnaden i marknaden. Dagens årlege etterspurnad er ca. 20 000 m³ (53 000 tonn) fast fjell. Det svarar til om lag 25 000 m³ lause massar. Dette vil utgjere ei totalvekt på i underkant av 70 000 tonn (25 000*2,65, eigenvekt stein). Ved maks uttak vil uttaket vare i ca. 10 år, jf. tabell 7-1.

7.3.2 *Tilbakeføring av landskap etter avslutta drift*

Hovudformålet med planen er å leggje til rette for vidare drift av eksisterande masseuttak med tilhøyrande infrastruktur og sikre god tilbakeføring til landbruk etter avslutta drift. Tilbakeføringa av landskapet til landbruk vil krevje tilføring av massar. Føresegnene sikrar at massane skal vere reine, naturlege massar som sand, stein, jord og skal ikkje innehalde miljøskadelege stoff eller svartelista artar.

Det er utarbeida 3D-modell, snitt og landskapsplan for tilbakeføring til LNF med maks helling 1:2. Det er i tillegg utarbeida snitt som viser tilbakeføring til LNF med maks helling 1:4.

Mogleg deponering av massar med opparbeiding til LNF med helling 1:2 og 1:4 er vist i tabellen under. Tabellen viser at området kan ta i mot mest massar dersom landskapet vert tilbakeført med maks helling 1:2.

Tabell 7-2: Moglege massar som kan tilbakeførast etter avslutta drift.


	Volum
Maks fylling tilbakeføring landbruksareal 1:4	Ca 395 000 m ³
Maks fylling tilbakeføring landbruksareal 1:2	Ca 550 000 m ³

Ved tilbakeføring med helling 1:2 vil det ikkje vere mogleg med ei maskinell landbruksdrift, men området kan nyttast til beite. Dersom området vert tilbakeført med helling 1:4 er det mogleg med maskinell landbruksdrift på arealet. Med så store høgdeforskjellar mellom bakanforliggande landbruksområde i aust og dagens veg i vest vil det innebere noko meir synlege skjeringar i terrenget enn med helling 1:2, sjå Figur 7-5.

Ut i frå at tilstøytande område i dag er nytta til beite og at det vert mindre synlege skjeringar ved tilbakeføring med maksimal helling 1:2, har ein i samråd med kommunen vald dette alternativet for tilbakeføring til LNF med tilhøyrande krav i føresegnene.


Det er i føresegnene sikra at ved tilbakeføring til landbruksareal skal topplaget ha steinfri torv- og/eller mineraljord, og torvmassane skal ikkje verte blanda med vanleg mineraljord. Det er sett krav om at området skal såast til med stadeigen vegetasjon, som tørreng.

Det er i føresegnene sikra at landskapsplanen skal vere retningsgjevande for landskapsutforminga.


















Figur 7-3 Utsnitt av landskapskart og kotering av tilbakeføring til landbruk med helling 1:2. Kartet ligg vedlagt.

Snitta i figurane under viser eksisterande terreng og korleis landskapet kan sjå ut ved tilbakeføring etter avslutta drift. Snitta er også lagt ved planforslaget i større format.



Figur 7-4: Oversikt snitt-teikningar.

Det er utarbeidd ein 3D-modell som både viser korleis landskapet ser ut ved maks uttak av massar i planområdet, og korleis området vil sjå ut ved tilbakefylling av uttaket til LNF med maks helling 1:2, sjå Figur 7-6 under. Bilete frå 3D-modellen ligg vedlagt planforslaget i større format. Det er gjort ei landskapsfagleg vurdering på at dette er maksimalt potensiale for deponering av massar samstundes som det er tilpassa mest mogleg til landskapet. Det er dette alternativet som er valt for tilbakeføring.

Ståstad	Situasjon frå kartgrunnlag	Maks uttak innanfor formålet	Tilbakefylling til landbruk 1:2
Oversikt-bilete			
Frå sving ved Haugo			
Frå nærmaste bustad i sør			
Sett frå vest ved traktorveg			
Sett frå sørvest ved fylkesveg 362			

Figur 7-6 Ulike utsnitt av maks uttak og mogleg tilbakeføring av landskapet etter avslutta drift.

7.3.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Dagens situasjon med avkøyrser frå fv. 362 vert erstatta med ein ny og tydeleg avkøyrser, SV2. Denne avkøyrsla får tilfredsstillande siktilhøve 100 meter i kvar retning og 4 meter inn i avkøyrsla etter vegens fartsgrense (80 km/t). Avkøyrsla er dimensjonert etter handbok N100.

Fylkesvegen forbi planområdet er elles regulert i tråd med handbok N100 som ein Sa3-veg. Denne har feltnamnet o_SV1 i plankartet. Det er ikkje krav til gang- og sykkelveg på veg med ÅDT <1000.

Sideareal til vegen er regulert som annan veggrunn teknisk, SVT1-3, i tråd med handbok N100.


7.3.4 Grønstruktur (GV)

Langs Vevlevegen, søraust for planområdet, er det regulert til grønstruktur vegetasjonsskjerm (GV). Grønstrukturformåla skal fungere som ein buffer mellom masseuttaket og landskapet rundt, for å visuelt dempe fjernverknaden av uttaket, ha ein støydempende effekt, for å ta vare på høgdenivået og for å hindre/reinse avrenning mot Vevleelva. Over formålet ligg omsynssone H560, Bevaring naturmiljø, tilsvarande som i arealdelen til kommuneplanen. I formålet skal det også førast opp sikringstiltak rundt masseuttaket, t.d. gjerde. Det er sikra krav i føresegnene om at mest mogleg av den opphavlege vegetasjonen skal oppretthaldast. Terrengformasjonen vil vere tilsvarande eksisterande terreng innanfor formålet.

7.4 Vatn- og avløpsanlegg

Det er per i dag ikkje tilrettelagt offentleg vatn og avløp nær masseuttaket, nærmaste tilkopling er Revheim om lag 2 km aust for planområdet. Det er planlagt offentleg vatn og avlaup forbi planområdet i samband med utbyggingsavtale for Vevleheiane. Det vert då mogleg med tilkopling til offentleg vatn og avlaup i Vevlevegen. Det er sett krav om dette i føresegnene.

Fram til ein kan kople seg til offentleg vatn og avlaup må anlegget handtere sitt eige behov lokalt. Avløp er planlagt ført til tett tank som vert tømt ved behov. Vatn til bruk som drikkevatt og vask vert oppbevart i tett tank. Vatn til spyling av sprengstein, maskinar og utstyr hentast frå kulpen med oppsamla regnvatt inne i masseuttaket. Det skal etablerast sedimentasjonsbasseng innanfor masseuttaket som er tilstrekkeleg stort for å kunne ta unna avrenning frå heile masseuttaket. Det er sikra krav i føresegnene at vatn frå sedimentasjonsbassenget må vere tilstrekkeleg reinsa før det eventuelt vert slept ut i nærliggande vasskjelder. Sjå elles VA-rammeplanen, vedlegg 11.



Figur 7-7 Utsnitt av teikning frå VA-rammeplan

7.5 Omsynssoner

Omsynssone H140, sikringssone friskt: her er det ikkje tillate med sikthindringar som kan redusere sikt i avkøyrsla til masseuttaket.

Omsynssone H190, sikringssone andre sikringssoner, skal sikre masseuttaket i driftsfasen med gjerder og andre stengsel. Sikringstiltaka skal sikre masseuttaket slik at det ikkje fører til fare for menneske og dyr.

Omsynssone H370, faresone høgspenn, er regulert i samsvar med krava i forskrift om elektriske forsyningsanlegg.

Omsynssone H560, bevaring naturmiljø, er lagt inn tilsvarande som i arealdelen til kommuneplanen som omsynssone over Lonelva og sidebekkar, 50 meter frå vasstreng.

8 Verknader av planforslaget

8.1 Overordna planar og retningslinjer

Planframlegget er i tråd med intensjonane i arealdelen til kommuneplanen, både arealformålet råstoffutvinning og omsynssona for bevaring naturmiljø. Planen varetek pålegg om reguleringsplan og sikrar trygge rammer for vidare uttak og tydelege føringar for tilbakeføring av landskapet.

Planframlegget vert òg vurdert til å vere i tråd med andre overordna planar, retningslinjer og føringar som er aktuelle for planområdet. Masseuttaket er lokalisert sentralt på Osterøy og sikrar lokal forsyning av pukk. Dette vil gi redusert transportarbeid framfor å få tilkøyrte massar frå andre kommunar. Slik sett er det i tråd med statlege planretningslinjer for samordna bustad, - areal og transportplanlegging samt klima- og energiplanlegging.

Når det gjeld RPR for barn og unge samt RPR for verna vassdrag er det vurdert at ein vidareføring av og avslutning av masseuttaket ikkje har negative verknader. Planframlegget endrar ikkje tilhøva for støy- og luftureining. Krav til utslepp til luft og vatn er regulert i gjeldande konsesjon for anlegget. Det er ikkje venta at vidare drift av masseuttaket vil føre til anna ureining og er slik sett i tråd med retningslinjer som omhandlar ureining. Elles er andre relevante føringar skildra i vidare delkapittel.

8.2 Alternativt uttaksområde

Ressursane sin kvalitet er styrande, i tillegg til at området allereie har ein aktiv drift med konsesjon. Store delar av ressursen er allereie tatt ut, og formålet med reguleringsplanen er å sikre vidare drift for uttak ned til kote 39, samt å sikre tilbakeføring til landbruksområde. Reguleringsplanen er ei oppfølging av og i samsvar med arealdelen til kommuneplanen.

Osterøy er avhengig av pukkproduksjon for å vere sjølvforsynt med massar til tekniske formål (kjelde: NGU, ressursrapport Grus-, Pukk og Steintippdatabase Osterøy). NGU har vurdert førekomsten på Vevletveit som kommunalt viktig. Rangeringa er vurdert ut frå volum, kvalitet og situasjonsbetinga tilhøve som plassering og marknad. Masseuttaket på Vevletveit er eit godt alternativ for utnytting av ressursen. Kvaliteten på massane er gode og det er hensiktsmessig å fortsette uttak av massar i tilknytning til eit allereie etablert uttak. Av berekningar av attverande massar i området vil det vere drift i området i ca. 10 år til. Området ligg med god kommunikasjon frå fv. 362 og vidare ut på fv. 567.

8.3 Landbruk

Planområdet er avsett til råstoffutvinning i arealdelen til kommuneplanen, og planframlegget sikrar vidare drift av eksisterande uttaksverksemd. Ved avslutta anleggsdrift sikrar planen at området kan tilbakeførast til landbruksområde.

Det er set krav i reguleringsplanen til tilbakeføring til landbruk med maksimal helling 1:2. Ein vil kunne nytte området til beite eller liknande. Tilbakeføring til LNF vil vere positivt for framtidig landbruksdrift i området.

8.4 Landskap og estetikk

Landskapsbiletet i området er prega av natur der Borgavatnet har stor verdi som naturoppleving. I dag er landskapet i planområdet typisk for masseuttak og er godt synleg frå Borgavatnet.


Det er mogleg å sjå masseuttaket frå bustadene i Klevelandsvegen, der dei nærmaste bustadene ligg om lag 250 meter frå masseuttaket. Den sørlegaste delen av planområdet er difor regulert til vegetasjonsskjerm. Denne har som formål å vere ein buffer mellom masseuttaket og landskapet rundt, for å visuelt dempe fjernverknaden av uttaket, ha ein støydempende effekt, for å ta vare på høgdenivået og for å hindre/reinse avrenning mot Vevleelva.

Reguleringsplanen skal ha tilbakeføring av landskapet slik at det kan gjerast om til landbruksareal der tilbakefyllinga skal sikre jamn terrassering av fyllmassar, slik at det vert mjuk overgang til tilgrensande område. Området skal fyllast på med jord, og plantast til med stadeigen vegetasjon. På andre sida av fv. 362, regulerte vegvesenet området til deponi og sikra tilbakeføring til landbruk. Tilbakeføringa til landbruk har hatt stor positiv verknad for landskapet. Å sikre god tilbakeføring vil difor ha positiv effekt for landskapsverdiane i høve til dagens situasjon.

Masseuttaket er synleg, men vegetasjonsskjermen mot sør og den framtidige tilbakeføringa til landbruksareal vil dempe verknadene og gjere at tiltaket må sjåast på som akseptabel.

Ved tilbakeføring med maksimal helling 1:2 vil det verte ei synleg skjering med høgde på om lag 2 meter, sjå snitt B og på om lag 7 meter, sjå snitt C og Figur 7-5.

Figur 8-1 under viser ei visualisering av tilbakeføring til landbruk med 1:2 som kan ta i mot mest mogleg massar samstundes som det tek mest omsyn til kringliggande terreng.



Figur 8-1: Illustrasjon som viser planområdet ved avslutta drift til venstre og tilbakeføring av terrenget til landbruk med helling 1:2 til høgre.

8.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert nyare tids kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Planområdet er vurdert til å ha lite potensial for funn av automatisk freda kulturminne.

8.6 Naturverdiar/naturmangfald

Vurdering av verknadar for naturverdiar er gjort etter § 8, 9, 10, 11, 12 og kapittel IV i naturmangfaldlova:

Kunnskapsgrunnlaget § 8

Paragraf 8 har krav til innhald og omfang av kunnskapsgrunnlaget. Planområdet er i sin heilskap sjekka opp mot ulike registre, deriblant Naturbase, Miljøstatus og Kilden, utan at det er funne treff i registera. Synfaring stadfesta også dette. Uttaksarealet er i eksisterande drift, og har vore i drift sidan 1980-talet. I Borgavatnet, som ligg om lag 150 meter frå planområdet, er det registrert fleire raudlista artar, m.a. ål, vipe, skaftevjeblom og sandsvale. Borgavatnet er òg del av det verna vassdraget Loneelvi med gode fiskebestandar og produktiv smoltproduksjon. I vassdraget er det registrert ein liten bestand av elvemusling, der dei fleste individa finns i Svenheimselva om lag 3,2 km nordaust for planområdet. For elvemuslingen har Rådgivende Biologer utført undersøkingar i området. I samband med deponering av tunellmassar på andre sida av fv. 362 like ved planområdet utarbeida Multiconsult ein rapport i 2008 om utslepp av tunellvatn i anleggsfasen. Det vart

gjennomført prøvetakingar av vasskvaliteten i Borgavatnet, og det vart konkludert med at deponeringa av tunellmassar ikkje medførte konsekvensar for vasskvaliteten. I tida prøvetakinga vart gjennomført var også uttaksarealet i full drift. Deponering vart gjort inntil 3 meter frå Borgavatnet. I 2014 utarbeida Opus Bergen AS ei naturmangfaldsvurdering i samband med reguleringsplan for Stuttåsen, nordvest for planområdet. Kunnskapsgrunnlaget er i denne saka vurdert å vere tilstrekkeleg.

Føre-var-prinsippet; § 9

Jamfør paragraf 9 skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunnjevna for å utsetje eller unnlate å treffe forvaltningsvedtak. Føre-var-prinsippet kjem til bruk når ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap til å vite kva påverknad slutninga vil ha for naturmangfaldet. Sidan drifta har eksistert lenge, og det ikkje er planar om noko særskilt endring/eskalering av drifta eller driftsform, så vert det vurdert å vere usannsynleg at planframlegget vil føre til alvorleg eller uoppretteleg skade på naturen/naturmangfaldet. Med utgangspunkt i at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg er det liten risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet.

Økosystemtilnærming og samla belastning; § 10

Paragraf 10 har krav om at påverknad av økosystem skal vurderast ut frå samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for. Dersom tiltak mot avrenning mot vassdraget vert gjennomført bør vasskvaliteten og tilstanden vere uendra etter anleggsdrift og tilbakeføring. Vassdraget er sårbart for endringar i nedbørsfeltet, men tiltaket vurderast å ha liten verknad av betydning med tanke på avrenning og vasskvaliteten. Verknaden for raudlista artar, andre artar og naturtypar i og rundt Borgavatnet vurderast difor som liten. Planen regulerer tiltak i tråd med eksisterande drift. I 2008 vart det tatt prøver av vasskvaliteten i området i samband med deponering av tunellmassar på andre sida av fv. 362, like ved planområdet. Prøvene vart tatt like utanfor planlagd deponi, dvs. nær masseuttaket. I tida prøvene vart tatt var også uttaksarealet i planområdet i full drift. Det er difor vurdert som usannsynleg at planforslaget vil auke avrenning mot bekk i vest og Borgavatnet i nord og føre til verknader for verken sårbar fauna eller raudlistearter. Jamfør grunngevinga ovanfor ser ein ikkje at planen medfører ein auke i samla belastning på økosystemet.

Kostnadene ved miljøforringing skal bæres av tiltakshavar; § 11

Dersom det oppstår skadar, eller fare for skadar på naturmangfaldet, som ein direkte konsekvens av tiltaket, må tiltakshavar sjølv dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense eventuelle skadar. Dette føreset at skadane ikkje er urimelege i høve til tiltakets karakter. Tiltaksområdet er ikkje vurdert som eit sårbart område med omsyn til naturmangfaldet.

Miljøforsvarlige teknikkar og metodar for drift; § 12

Paragrafen har krav om driftsmetodar for å avgrense skadar på naturmangfaldet. Tiltaket medfører ikkje ytterlegare gjødsling eller silobruk, som er to av hovudårsakene til dårleg vasskvalitet og dårlegare levevilkår for elvemuslingane. Drifta vil i all hovudsak fortsette som eksisterande. Det er ikkje vurdert alternative lokaliseringar for drifta, då dette ikkje er praktisk mogleg å gjennomføre, sidan uttaket allereie er i drift og området er avsett til masseuttak gjennom overordna plan. Masseuttaket føreset konsesjon med driftsplan med krav om driftsmetodar. Føresegnene har krav om sikring av at jordmassar ikkje skal innehalde svartelista artar som kan skade naturmangfaldet.

Kap IV. Framande organismar:

Naturmangfaldlova har krav til varsemnd i høve til framande organismar. Paragraf 28 seier m.a. at: «Den som setter i verk virksomhet eller tiltak som kan medføre spredning eller utslipp av levende eller levedyktige organismer til steder der de ikke forekommer naturlig, skal i rimelig utstrekning trekke tiltak for å hindre dette.»

Det er ikkje registrert svartelista artar i planområdet. Svartelista artar kan likevel ikkje utelukkast. Dersom det vert påvist svartelista artar, og særleg artar på forskrifta si forbodliste så skal desse handsamast forsvarleg. Ved tilbakeføring av jordmassar og tilplanting skal ein sikre at artar som er svartelista ikkje vert spreidd. Dette er sikra i føresegnene § 2.6.2.

8.7 Vassdrag

Planområdet ligg i nærleiken til Borgavatnet og Vevleelva som er del av det verna vassdraget *Loneelvi*. Heile planområdet ligg innanfor nedslagsfelt for vassdraget. I ei av sideelvane til Lonlva er det registrert bestand av elvemusling, som er ei sårbar art. Jordbruk er kjent for å kunne gi auka tilførsel av næringsstoff til vatn og er ein av hovudårsakene til dårleg vasskvalitet for elvemuslingane.

I samband med deponering av tunellmassar på andre sida av fv. 362, like ved planområdet, utarbeida Multiconsult ein rapport i 2008 om utslepp av tunellvatn i anleggsfasen. Det vart gjennomført prøvetaking av vasskvaliteten i Borgavatnet, og det var konkludert med at deponeringa av tunellmassar ikkje medførte konsekvensar for vasskvaliteten. Prøvene av vatn vart teke like utanfor planlagd deponi, dvs. nær masseuttaket. I tida rapporten vart utarbeida var også uttaksarealet i planområdet i full drift. Det er difor ikkje sannsynleg at det eksisterande masseuttaket, som er lokalisert i større avstand til Borgavatnet og sør for fylkesvegen, vil medføre konsekvensar for vasskvaliteten. Planforslaget legg ikkje til rette for anna verksemd enn eksisterande masseuttak. Avrenning frå planområdet til vassdraget vil ikkje vere av stor karakter. Andre artar som er tilknytt vassdragsområdet til Lonelva vil difor ikkje verte påverka av planforslaget. Sjå også kap. 8.6.

Planen vil ikkje medføre auka eller endra negativ påverknad av vassdraget.

8.8 Ureining og støy

Arealbruken i området har tidlegare vore landbruk og utmark. Det er ikkje mistankar om ureining i området, men det kan vere stader i planområdet som har vore nytta til dumping av massar eller avfall knytt til gardsdrift. Dersom det vert påvist ureining i området skal det utarbeidast tiltaksplan for graving på ureina grunn, jf. forureiningsforskrifta kap. 2. Tiltaksplanen skal godkjennast av kommunen før graving og uttak av massar kan halde fram.

Dersom drifta fører til tilslemming av vassdraget vil dette vere ugunstig for vasskvaliteten og dei vasslevande organismane, t.d. elvemuslingane. Svenheimselva (med registrert elvemusling) ligg ca. 3,2 km nordaust nedstrøms for vika i Borgavatnet der eventuell avrenning frå masseuttaket kan kome. Rett vest for masseuttaket har Vevleelva utløp. Borgavatnet ligger på kote 34 og har et areal på 0,60 km². Djupna på vatnet er ikkje kjent, men i følge informasjon frå grunneigar på Borgo er det djupner i vatnet på opp mot 40 m. I følge NVEs avrenningskart er årsmiddelverdiar for avrenning for perioden 1961–1990 på 80 l/s km². Nedslagsfeltet til Borgavatnet har eit areal på ca. 11 km². Dette gir ein total, gjennomsnittleg avrenning til Borgavatnet på 880 l/s, eller 3168 m³/t. Avrenning frå masseuttaket utgjør ein særleg liten del av dette. Det er regulert ein buffer mot Vevleelva og Vevlevegen, og her skal fjellmassar ikkje takast ut. Dette for å unngå at overvatn renn vidare ned mot elva. Driftsplanen sikrar at maskinar har beredskapsplan og tiltaksplan for oljeuhell. Vatn frå masseuttak skal leiast til filtrering i grunnen, og ikkje sleppast direkte ut i resipient.

Uttak og handtering av massar kan vere konfliktfylte tiltak, spesielt med omsyn til støy- og støvureining og kva for konsekvensar dette har for kringliggjande busetnad. Når det gjeld støvflukt frå området så kan dette førekome i tørt vær og ved køyring innanfor anlegget. Støvdemping skal gå føre seg ved vatning i uttaksområdet. Det er sikra i føresegnene at støvnedfallsmålingar skal utførast.

Vedlagd rapport om støy dokumenterer at grenseverdiane for støy frå masseuttaket er tilfredsstillt. Nærmaste bustad ligg om lag 140 meter nord for masseuttaket. To andre bustader ligg om lag 250

meter vidare sør for masseuttaket, sjå Figur 6-15. Rapporten viser at ein bustadeining ligg innanfor grenseverdiane for knusing i Retningslinje for støy i arealplanlegging og forureiningsforskrifta. Bygget er i dag ikkje nytta til bustad. Det nye bustadområdet på Vevleheiane, som er planlagt i reguleringsplan (planID 2013003), ligg lenger søraust for planområdet enn dei nærmaste bustadane vist i Figur 6-4. Vidareføring og avslutning av masseuttaket vil ikkje medføre støyulempar som overstig grenseverdiane for støy for det nye bustadområdet.

8.9 Friluftsliv og barn og unges interesser

Borgavatnet er registrert som eit regionalt viktig friluftsområde, Orretuva. Dette er kartlagd av fylkeskommunen med områdetypen marka og med verdi viktig. Langs vatnet finns badeplassar og utfartsområde med stor lokal bruksverdi. Planområdet grensar ikkje til Borgavatnet. Noko støy frå uttakområdet strekker seg utover mot Øyåsneset som er del av det som av Hordaland fylkeskommunen er registrert som friluftsområde. Denne delen av friluftsområdet er truleg lite brukt til friluftsliv og rekreasjon, og vil difor ikkje påverke eksisterande friluftsliv og barn og unge sine interesser. Badeplass ved Stuttåsen og badeplass aust for planområdet (jf. figur 6-7) er ikkje omfatta av omhyllingskurver som overstig terskelverdiar for støy etter «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», T-1442.

Ved tilbakeføring av masseuttaket til landbruk med tilsåing vil dette ha positiv verknad for rekreasjon og naturoppleving i området rundt Borgavatnet.

8.10 Naturressursar, inkl. landbruk

Avgrensinga av byggeformål i reguleringsplanen følgjer avgrensinga til arealformålet råstoffutvinning i arealdelen til kommuneplanen, og samsvarar med overordna plan. Ein stor del av området vert i dag nytta som masseuttak og planen medfører ingen omdisponering av dyrka, potensielt dyrka eller beiteområde. Formålet med planarbeidet er å opne for tilbakeføring av området til framtidig landbruksareal.

8.11 Folkehelse

Folkehelse handlar mykje om tilgang på friområde, gode oppvekst- og levekår og å redusere sosiale forskjellar. Planen legg til rette for opparbeiding av ei avkøyrsla til masseuttaket etter handbok N100. Avkøyrsla vert stramma opp og ligge i ein fast posisjon framfor å verte flytta etter behov. Byggegrense på 15 meter er sikra med tilhøyrande føresegn om at det ikkje skal plasserast bygg, masser eller anna som kan hindre sikt i dette området. I tillegg er fylkesveg regulert etter vegnormalen forbi masseuttaket. Samla sett vil dette betre trafikktryggleiken langs fv. 362, samt gi sikrere gangtilkomst til busshaldeplassane langs vegen.

Planen sikrar tilbakeføring av masseuttaket til jordbruksareal, noko som vil betre opplevinga og tilgangen til området og det regionale friluftsområdet i Borgavatnet.

Masseuttak er ein type verksemd som kan medføre både støy- og støvplagar for folk som oppheld seg i nærleiken. Det er satt inn krav om driftstider i reguleringsplanen, men slike plagar vil likevel kunne opplevast negativt i høve til folkehelsa.

8.12 Naboar

For bustadene i Klevelandsvegen er masseuttaket delvis godt synleg fordi bustadene her ligg høgare enn masseuttaket. Den delen av masseuttaket som ligg nærmast Klevelandsvegen er difor regulert til grønstruktur med formål å vere ein buffer mellom masseuttaket og landskapet rundt. I dette området vil difor tiltakshavar ikkje kunne ta ut meir av fjellet og attverande fjell vil bidra til å visuelt

dempe fjernverknaden av uttaket, ha ein støv- og støydempende effekt og hindrar avrenning mot Vevleelva.

For å synleggjere konsekvensar av støy frå masseuttaket mot naboar i området har det vore utarbeidd ein rapport over støy datert 07.11.2016. Støy frå masseuttaket vert i hovudsak forårsaka av boring, steinknusing og bruk av pigghammar.

Resultatet av berekningane er vist som omhyllingskurver for dei mest støyutsette plasseringane av maskinane i uttaksområdet. I dei fleste situasjonane vil støyutbreiinga vere betydeleg lågare. Støynivået ved alle nærliggande bustader som er i bruk er mindre enn 55 dB for boring og knusing og mindre enn 50 dB ved bruk av pigghammar. Masseuttaket er synleg frå det framtidig bustadområdet på Stuttåsen, men bustadområdet vert ikkje råka av støy frå aktiviteten i masseuttaket. Grenseverdiane for støy frå framtidig drift er tilfredsstilt.

8.13 Sosial og teknisk infrastruktur

Fv. 362 har ein ÅDT på 250. Det har vore to mindre alvorlege trafikkulykker langs fylkesvegen, men begge er av eldre dato (1978 og 1992). Ny avkøyrsløse i tråd med gjeldande vegnormal i Handbok N100 til planområdet vil betre situasjonen. Det er lagt sporing i avkøyrsløse til lastebil med radius 9 meter.

Trafikkmengde tilknytt masseuttaket er ikkje utrekna i detalj, men all utkøyring av massar vert gjort med tyngre køyretøy. Konesjonen opnar for opp til 25 000 m³ uttak i året. Fordelt på lastebilar med lastekapasitet på 10 m³ vil dette tilseie årleg trafikk tilsvarande 2 500 lastebilar. Reknar ein 250 ordinære arbeidsdagar i året vil dette svare til ca. 10 lastebilar per dag. Men trafikkstraumen vil variere gjennom året og kunne fordele seg ut over fleire dagar enn antatt. Drifta og planlagt aktivitet gir ikkje behov for etablering av anna infrastruktur i planområdet.

8.14 Næring

Planen sikrar vidare drift av næringsverksemda som er ein viktig lokal ressurs for Osterøy og omegn. Vidareføring av eksisterande masseuttak vil redusere transportarbeid i høve å få tilkøyrte massar frå andre kommunar.

9 Risiko og sårbarheit, ROS-analyse

ROS-analysen er vedlagd planskildringa som eigen rapport, sjå vedlegg. ROS-analysen vart gjennomført etter akseptkriteria og metodeval vedtatt av Osterøy kommune, jf. HS-sak 057/12, 03.10.2012.

I analysen vart 22 hendingar vurdert som aktuelle: store nedbørsmengder, flaum i elvar og bekkar, flaum i vassdrag, overvasshandtering, snøskred, bratte skrentar/stup, sårbar fauna, eksplosjonsfare, høgspenning, drikkevasskjelde, vassdrag, nedbørsfelt og grunnvasstilhøve, støv/partiklar, støy, ureining kjemikalieutslepp, ulykker med gåande/syklende, trafikkulykker på veg og ulykker knytt til avkøyrslar, støy ved massetransport, sprenging nær fylkesveg. Etter risikovurderinga kjem to av hendingane inn under gul sone. Dette er sårbar fauna og bratte skrentar/stup. Spesielle avbøtande tiltak for dei aktuelle hendingane er innarbeida i planforslaget eller tatt i vare på i lovverket. Dette sikrar førebygging av negative konsekvensar for liv, helse, ytre miljø og materielle verdiar.

I ROS-analysen er det ei utgreiing til kvar hending til korleis detaljreguleringa tek omsyn til risikoen og korleis den førebygger negative konsekvensar for liv, helse, ytre miljø og materielle verdiar.

10 Merknader

10.1 Innkomne merknader

I samband med varsling av oppstart har det kome inn totalt 7 brev/e-postar frå ulike aktørar med merknader og innspel til planarbeidet. Dette var frå:

1. Fylkesmannen i Hordaland
2. Hordaland fylkeskommune
3. BKK
4. NVE
5. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)
6. Statens vegvesen
7. Geir Vevletveit

I samband med den avgrensa varslinga av oppstart grunna utvida planområdet kom det inn 2 merknader, dette var frå:

8. Hordaland fylkeskommune
9. Fylkesmannen i Hordaland

Under vert alle merknadene samanfatta og kommentert.

1. Fylkesmannen i Hordaland, merknad motteke 09.08.2016

- Det må utarbeidast ROS-analyse, og risikotilhøve skal visast med omsynssone, risikoreducerande tiltak skal gå fram av føresegnene.
- I planlegging skal tiltak og verkemidlar for å redusera klimagassar og sikre meir effektiv og miljøvenleg energibruk innarbeidast.
- Utbyggingsmønster og transportsystem skal samordnast for å oppnå effektive løysingar og redusere transportbehovet, jf. samordna ABT.
- Barn og unge sine interesser skal ivaretakast.
- Planlegginga skal vere helsefremjande, jf. folkehelselova.
- Retningslinje om behandling av støy skal leggast til grunn, det må så tidleg som mogleg gjerast støyfaglege utgreiingar.
- Retningslinje om behandling av luftkvalitet skal leggast til grunn.
- Det må gjerast vurderingar i høve til naturmangfaldlova, jf. nml.
- Dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag må leggast til grunn.

Forslagsstillars kommentar:

ROS-analyse er utarbeidd som vedlegg til planen. Samandrag av ROS-analysen er skildra i planskildringa i kapittel 9.

Plantiltaka er allereie i drift, og planlagde tiltak har som mål å sikre resterande uttak av området, og sikre tilbakeføring av masseuttaket til landbruksareal eller deponering av massar.

Det er tidlegare utarbeidd ein støyrapport, i tillegg er det som vedlegg til denne planen utarbeidd ei støyrapport i 2016 som konkluderer med at grenseverdiane for støynivå vert tilfredsstillt. Samandrag av støyrapporten er i kapittel 6.12, men også omtalt i kap. 7.4 og 8.12.

Retningslinje om behandling av luftkvalitet vert lagt til grunn, sjå kapittel 8.8.

Dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag vert lagt til grunn. Sjå kapittel 8.6 og 8.7.

2. Hordaland fylkeskommune, merknad motteke 08.07.2016 og 14.10.2016

- Er nøgd med at det skal utarbeidast plan for tilbakeføring av masseuttaket til landbruksareal. Er positive til notatet om behov for konsekvensutgreiing synleggjer det biologiske mangfaldet i området, med særskild fokus på det som skal takast omsyn til i det vidare planarbeidet.
- Har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet.
- Har ingen vesentlege merknader på noverande stadium.

Forslagsstillars kommentar: Tatt til etterretning.

3. BKK, merknad motteke 18.08.2016

Det må ikkje setjast i verk tiltak som forringer tilkomst eller redusert høgde til luftleidningsanlegget. Det må takast omsyn til høgspenningsluftleidningar som ligg innanfor planområdet. Leidningane har ei byggeforbodssone på totalt 16 meter. Spenningsnivå må ikkje førast på planen.

Forslagsstillars kommentar: Det er lagt inn ei byggeforbodssone på 16 meter i tråd med forskrift.

4. NVE, merknad motteke 25.07.2016

Har ingen innspel til planarbeidet.

Forslagsstillars kommentar: Tatt til etterretning.

5. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF), merknad motteke 12.08.2016

Forventar at det i planforslaget vert greidd ut følgjande:

- Totalt volum og kor mykje av dette som kan takast ut.
- Det må greiast ut antatt årleg uttak gjeve optimal marknadssituasjon
- Ein bør legge opp til skjerming av uttaksområde der det er mogleg, dette kan vere vegetasjonsskjerm. Vegetasjonsskjerm og liknande må ikkje leggast på ressursen, men til sida for ressursen. For å oppnå ei - bufferfunksjon mot brotet må det sørgast for at det settast av nok areal og at skjerming er brei nok.
- Sikringstiltak vil fastsettast i driftsplan. Ein må sikre tilstrekkeleg areal til dette som ei eigen sikringssone.
- Det er ikkje naudsynt å sette føresegner om teknisk drift av masseuttaket. Framdriftsplan godkjend av MDF vil ta hand om dette. Om ein set føresegner om teknisk drift må dette grunngeve i planomtala.
- Samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse, samt alle uttak av naturstein krev konsesjon jf. minerallova § 43. I samband med konsesjonssøknad skal det utarbeidast ein driftsplan. Søknad om konsesjon må vere godkjend av MDF før drift kan starte.

Forslagsstillars kommentar: Det er gjort ei berekning av totalt volum og kva som kan takast ut og antatt årleg uttak, sjå kapittel 7.3.1. Årleg uttak vert tilpassa marknaden. Det vert sikra vegetasjonsskjerm innanfor ressursen mot sør for å dempe visuell fjernverknad m.m. Elles er heile ressursen med som uttak. Sikringstiltak, som gjerde, er sikra i med sikringssone H190. Det

er lagt inn føresegner som sikrar driftstider, grunna merknader om dette. Driftstidene er i tråd med eksisterande bruk, og vil difor ikkje vanskeleggjere vidare drift. Konesjonssøknad med driftsplan vert sendt til godkjenning så snart som mogleg etter godkjent reguleringsplan.

6. Statens vegvesen, merknad motteke 15.07.2016

- Krev at tilkomst til planområdet vert avgrensa til éi avkøyrsløse, og at den vert utforma i tråd med dei tekniske krava i vegnormalane (m.a. N100). Dette gjeld svingradius, sikt, stigning. Planområdet må difor utvidast slik at det omfattar fylkesvegen.
- Det må utarbeidast teknisk plan for gjennomsyn før utlegging til off. ettersyn.
- Før arbeid med avkøyrsløse kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av vegvesenet og det - må vere inngått gjennomføringsavtale. Føresegnene bør sikre krav om byggeplan.
- Krev byggegrense på minimum 15 meter i denne planen, dette gjeld også for lagring av massar, innretningar eller liknande
- Krev rekkefølgekrav om at avkøyrsløse vert ferdig opparbeidd.

Forslagsstillars kommentar: Ny avkøyrsløse er prosjektert og ein regulerer avkøyrsløse i samsvar med krava til svingradius, sikt og stigning i N100. Svingradius er dimensjonert for lastebil. Planområdet er utvida til å omfatte deler av fylkesvegen, jf. ny avgrensa varsling, og regulerer veg tilsvarende Sa3-veg forbi planområdet. Det er difor ikkje aktuelt med byggeplan og ein gjennomføringsavtale. Ny avkøyrsløse sikrar opparbeiding med rekkefølgekrav. Det er regulert inn byggegrense på 15 meter frå fylkesvegen.

7. Geir Vevletveit m. fl , merknad motteke 13/8-2016

Naboar på eigedomane 6/2, 6/3, 6/4, 6/5 og 6/6 har følgjande merknader:

- Ber om sikring av masseuttak for husdyr og sivile.
- Restriksjonar på arbeidstid, måndag til fredag kl. 0700-1500.
- Restriksjonar for sprengingsarbeid, måndag til fredag kl. 0700-1500. Varsling av naboar 24 timar før sprenging. Rystingsmålar må monterast.
- Generelle miljøkrav må ligge ved. Støy- og støvmålingar må reduseres til det minimale. Erstatning av nedvask av nærliggande his 1 gong årleg.
- Utføring av besiktelser av hus og andre installasjonar ved nærliggande masseuttaket. Vassbrønnar må sikrast slik at det ikkje blir skadelidde for rystelser eller forureining frå masseuttaket.
- Ferdigstillings dato for området. Framdriftsplan for uttak av massar og tilbakeføring av området til landbruksareal.

Forslagsstillars kommentar: Det vert avsett areal til sikring (omsynssone H190) av masseuttaket i reguleringsplanen. Sikringstiltak vil fastsettast i driftsplan godkjend av Direktoratet for mineralforvaltning i samband med konsesjonssøknad.

Det er sett restriksjonar på arbeidstid i føresegnene som tar omsyn til bedrifta sin behov for drift mellom 0700-1800. Restriksjonar for sprengingsarbeid er regulert i forureiningsforskrifta kap. 30 og er tatt med i føresegnene § 2.1.1.

Forureiningsforskrifta set krav til grenseverdier for støy, utslepp til luft og vatn. Det er utført støymålingar som viser at støynivå for alle nærliggande bustader er under grenseverdien i arbeidstida. Retningslinjer for luftkvalitet er lagt til grunn og forureiningsforskrifta set krav til

måling av utslepp til luft og vatn. Det er sett krav i føresegn om tiltak for å redusere støvutslepp. Det vil bli utført støvnedfallsmålingar etter forureiningsforskrifta. Erstatning til vask av hus er ein privatrettsleg sak og kan ikkje handsamast i ein reguleringsplan.

Det skal utførast målingar av utslepp til vatn etter forureiningsforskrifta.

Gjeldande norsk standard NS 8141:2001 «Vibrasjoner og støt - Måling av svingehastighet og beregning av veiledende grenseverdier for å unngå skade på byggverker» lagt til grunn i reguleringsplanen.

Ferdigstillingsdato og framdriftsplan for uttaket vil fastsettast i driftsplan godkjend av Direktoratet for mineralforvaltning i samband med konsesjonssøknad.

Reguleringsplanen har krav til tilbakeføring av masseuttaket til LNF-formål etter avslutning av tiltaket.

8. Fylkesmannen i Hordaland, merknad til utvida varsling motteke 30.09.2016:

Viser til brev av 28.09.16 og har ingen merknader til at planområdet vert utvida for å sikre regulering av avkøyrse med siktsoner i tråd med vegnormalen.

Forslagsstillars kommentar: Tatt til etterretning.

9. Hordaland fylkeskommune, merknad til utvida varsling motteke 14.10.2016:

Fylkeskommunen har ingen merknad til varsel om utviding av planområdet, og viser til fråsegn til varsel om planoppstart datert 08.07.2016.

Forslagsstillars kommentar: Tatt til etterretning.

11 Avsluttande kommentar

Osterøy er avhengig av grus- og pukkproduksjon for å vere sjølvforsynt med massar til tekniske formål. Masseuttaket på Vevletveit er eit godt eigna alternativ for utnytting av ressursen og kvaliteten på massane er gode. I og med at det allereie er eit eksisterande masseuttak, er det meir hensiktsmessig å sikre vidare uttak av dei resterande massane. Planen sikrar god tilbakeføring av området som landbruksområde, noko som verkar positivt på både landskapet, naturopplevingane og naboar.

12 Kjelder

- Skog og landskap, Kilden arealinformasjon: <http://kilden.skogoglandskap.no>
- Miljødirektoratets Naturbase <http://geocortex.dirnat.no/silverlightviewer/?Viewer=Naturbase>
- Artsdatabankens Artskart <http://artskart.artsdatabanken.no/>
- SEFRAK-register Askeladden <https://askeladden.ra.no/askeladden/>
- Kulturminnesøk Askeladden <https://askeladden.ra.no/askeladden/>
- Vann-Nett <http://vann-nett.no/saksbehandler/>
- Miljøstatus i Norge <http://www.miljostatus.no/kart/>
- NGU si database over grus og pukk: www.geo.ngu.no/kart
- Aktsemdskart frå NVE <https://www.nve.no/flaum-og-skred/skrednett/>
- Kartløysinga: <http://a3.nordhordlandskart.no/>
- Kartløysinga kystinfo: www.kart.kystverket.no
- Verneplan for vassdrag 060/1Loneelvi <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/verneplan-for-vassdrag/hordaland/060-1-loneelvi/>
- Rv 567 Hauge – Lonevåg. Utslipp av tunnelsvann i anleggsfasen. Rapport 611935 – 2. Multiconsult 2008.
- Status for bestandar av elvemusling i Hordaland 2010. Rapport 1494. Rådgivende biologer. <http://www.radgivende-biologer.no/uploads/Rapporter/1494.pdf>
- Naturmangfaldsvurdering for gnr 9 bnr 1, 2 m.fl. Osterøy kommune. Mai 2014. Opus Bergen AS <http://docplayer.me/59581497-Borge-naturmangfaldsvurdering-for-gnr-9-bnr-1-2-m-fl-osteroy-kommune-opus-bergen-as-mai-2014.html>

13 Vedlegg til planskildring

- Vedlegg 01: Referat oppstartsmøte
- Vedlegg 02: Varslingsdokumenter, varslingsliste og naboliste
- Vedlegg 03: Innkomne merknader
- Vedlegg 04: ROS-analyse
- Vedlegg 05: Terrengsnitt A-C
- Vedlegg 06: Terrengdata frå Vest Oppmåling AS (PDF og SOSI)
- Vedlegg 07: Plankart
- Vedlegg 08: Planføresegner
- Vedlegg 09: Støyvurdering Sweco
- Vedlegg 10: Kjelder nytta i naturmangfaldvurderinga
- Vedlegg 11: VA-rammeplan
- Vedlegg 12: Teknisk vegteikning for avkøyrsel
- Vedlegg 13: Bilete frå 3D-modell
- Vedlegg 14: Landskapskart